



senter for
natur- og kulturbasert nyskaping
TELEMARKSFORSKING - BØ

Pressemelding

Dag Jørund Lønning leiar europeisk arbeid om landbruksbaserte fellesgode.

Dag Jørund Lønning, fagleg leiar ved Senter for natur og kulturbasert nyskaping, skal leia arbeidet med utvikling av ein modell for fremjing av, og betaling for, produksjon av fellesgode i det europeiske landbrukslandskapet. Modellen skal leggjast fram for europeiske politikarar og media i samband med det inter-regionale samarbeidsprogrammet *Farmers for Nature* sin sluttkonferanse i Holland våren 2008.

Omgrepet fellesgode/kollektive gode dukkar i dag opp i stendig fleire debattar knytt til landbruket si framtid. Temaet har vore viktig i WTO-forhandlingane, og har stått høgt på dagsorden både i Noreg og i samband med siste reform av den europeiske landbrukspolitikken. Det har vore hevda at landbruket er ein viktig produsent av fellesgode, og at denne produksjonen legitimerer at overføringane til landbruket held fram. Samstundes er det lite avklart og definert kva desse fellesgoda er, og *kven* som definerer dei. Slike uavklarte spørsmål kan hemma utviklinga av ein effektiv politikk lokalt, og vert viktige å adressera i arbeidet med den nye modellen: Skal fellesgode definerast ovanfrå og ned, eller bør dette vera prosessar som startar lokalt og nedanfrå? Eller kan det utarbeidast eit kompromiss som opnar opp for både viktige transnasjonale/regionale prinsipp, samstundes som lokalbefolkning får større medverknadsrett?

Farmers for Nature er eit europeisk program for forvaltning av natur og kulturverdiar i landbrukslandskapet, med deltakande regionar i Noreg (Telemark), England, Skottland, Belgia, Tyskland, og Holland. Modellen for utvikling av og betaling for fellesgode, skal byggja på data frå alle deltakande regionar. Me talar om område som er ulike på mange felt, og ein modell for fellesgodeproduksjon må ta sterkt omsyn til regionalt særpreg og spesielle behov. Samstundes vil det og vera klare transnasjonale fellestrekk. Såleis vil modellen til sjuande og sist kunne peika på både opningar og utfordringar for landbruket og landbrukspolitikken i samband med regionaliseringsprosessane i Europa.

Sosialantropolog Dag Jørund Lønning er utpeika til å leia modellutviklinga, grunna fagleg pionerarbeid på bygdeutviklingsstrategiar og landbruksbaserte fellesgode.

Nærare informasjon: Dag Jørund Lønning, fagleg leiar. Tel: 35061503, 99509125

